

Kåseri av ordførar Tomas Kvammen.

Lavik er mellom dei minste herad i Sogn og Fjordane fylke og har knapt 1000 menneskje. Det har ei flatevidd på 239. km.² av dette 13. km² fersk vatn. Det er 184 bruk i heradet, og etter husdyrteljinga 1 1949 var det 120 vaksne hestar, 1005 storfe, 3178 sauer og 2238 geiter.

Lavik, Brekke og Bø sokn var eit herad frå 1859 - 1862. Frå 1863 til 1904 var Lavik og Brekke eit herad. Kvar av dei 2 sokner hadde serskilt budsjett for kyrkje, skule og forsorgsstyre. Felles for baa sokner var utgifter til veganlegg, løn til jordmødre og kommuneløge og dei ordinære utgifter til ordførar.

I heradstyremøte den 23. april 1904 vart framlegg til deling vedteke, og ved Kgl. resolusjon av 1. oktober ^{sauv in} 1904 vart Lavik og Brekke herad delt.

Største luten av heradet ligg på nordsida av fjorden med ca. 30 km strandlinje frå Norevik til Bekken som ligg 7 km. utanfor Lavik sentrum. So har me Lavikdalen som omfatar 2 skulekrinsar og med 15 km. veg frå sjøen. Her ligg og Svultingen sin kraftstasjon som sender ljøs og kraft til næraste bygder. På Sørsida bur det om lag 185 menneskje, som for det meste bur rundt ein gøjararm på 5 km, og har stoppestadene Tredal og Ikjefjord. Til grensa mot Kyrkjebø ligg gardane Massnes og Søreвик. Her i Tredal er heimstaden til stortingsmann Lasse Tredal, som var tingmann i fleire tingsæte, og var ein vyrd og dugande tingmann.

Lavik ligg ringa inne av herada Kyrkjebø, Massfjord, Brekke, Hyllestad og Fjaler. Ved Lavik er Sognefjorden på det breidaste ca. 6.5 km og er her svært djup. Ein sumardag når fjorden ligg blank og still, eller med små krusa bylgjer og solgangsving kan det vere fint med ein båttur. Ein vintersdag derimot kan fjorden stå i eit einaste råk og kan vere fårleg å ta ut på. Faksekvite skumskavlar reiser seg

og kjem med fossedur mot land der brotbylgja krasar seg sund til kvitt frodande skum. Det er ikkje morosamt å ta ut i open båt ein slik dag.

Før i tida då folk måtte i robåt for å kome til kyrkje var det nok ikkje alltid så greitt, men det skulle mykje til før folk sat heime for skuld ver og vind. Eg kan minnst frå eg var smågut kor fint det var å sjå kyrkjebåtane kom siglande over fjorden . Når Sognefjorden stod i eit einaste rok, kunne det ofte vere spanande å sjå, og me fylgde gjerne båtane med augo på heimturen for å sjå om dei kom vel over. Det var flinke folk på sjøen, og dei visste nok om fjorden var farande eller ikkje.

Henrik Wergeland seier :

"Har du glemt ditt fadervår, minnes du ei bønn å bede: lær den
"avven guddomsvrede. Tenk dig, synder, da til sete i en båt på
"Sognefjord. *Sognefjordene er det som bleib på*

No vil eg fortelje litt om Lavik frå gamledagar.

For om lag 90 år sidan, den tida Fylkesbåtane sin Framnes tok til å pløye Sognefjorden, var den fyrste båtstoppen her i Lavik ved Hellebø, ein stad som vart heitande Borvikehamaren. Ekspeditør var klokkar og lærar Cherstoffer Parelius, ein mykje kjend mann i den tida. Han var klokkar i Lavik frå 1820 til 1876, og døydde 1879. Denne Parelius var ein svært gåverik mann, og kvikk og uforferd. Det går mange hermer og risper etter han. Eg skal nemne ein par av dei. Han hadde tre døtre som heitte Lette, Berte og Tine. Og då "Framnes" fløytt om natta ropte han gjerne på alle tre døtrene :
"Lette - Berte - Tine kor er buksene mine."

Som nemnt var han også lærar , men han tok det ikkje alltid så nøye med skuletida. Borna fekk gjerne gå mykje på sjølvstyr. Ein dag var sers uheldig. Skuledirektøren kompå vitjing. Skuleborna gjekk ute og sprang, men læraren var ikkje til stades. Han hadde teke ein båt,

Tine var då 10

og låg ute ved eit skjær og fiska. Skuledirektøren gjekk då ned på berget og vinka at han skulle kome på land, men karen i båten tok ikkje omsyn til det og heldt fram med fiskinga." Det er skoledirektøren;sa mannen på land . Då kan det hende det vart fart i han i båten og. Han ropa ut : " Å Jesses bevare meg dao." *Er det sidan gjeilt er det skli. janket*

Det som gjorde denne Parelius mest kjend om kring i bygdene var at var litt av ein "meistar-dokter". Ja, lækjar var han sjølsagt ikkje, han var heilt sjølvlærd. Folk kom lanveges frå for å søkje hjelp hjå han. Det kunne vere ein svullefing, eller eit anna sår, og han skar svullen, og lakte sára. Passienten slapp ikkje heim før han var frisk att. Ja, han var reine kirurgen. Det hende såleis at han opererte ein mann for brok, og det gjekk godt. Han skar og for tungeband, slike tenester gjorde han gjerne på kyrkjebakken, det var berre eit snitt med pennekniven det.

Seinare stogga " Framnes" eller "Hornelen ved den gamle tingstaden Værholm . Der var handel og ein samlingsstad for dei ytre bygder. Det var ikkje tett med forretningar på bygdene i den tida. Einaste staden var ~~Værholm~~ Vadheim, Værholm i Lavik og Byrdholmen og Gladvær i Gulen. På sørsida fanst ikkje ein einaste handelstad. I Værholm var reist ein stor bygning, og det var ein mann som heitte Blaauw som dreiv handel der. Han må ha hatt ein stor kundekrins. Han handla og med vin og øl, og det trekte vel ikkje minst kundar. På tinga var det mykje folk samla, og då gjekk det gjerne livleg for seg. Ein tingvektar var også tilsett for å halde ro og orden .

Vegar fanst ikkje på den tida. Sjøen var såleis einaste framkomstvegen, det måtte difor vere god hamn der folket skulle samlast. Ein slik stad var Værholm og vart difor sentrum i bygda . Men det var ikkje alle som kunne kome fram sjøvegen. Folk frå fjellgardane hadde det tyngre. Dei måtte ta varene på ryggen og traske heim i allslags ver og vind. Det var nok ikkje alltid så like til. Men dei fekk svær trening og kunne klare det utrulegaste.

Det er såleis fortalt om ein mann frå Bjørkhaug på Lavikdalen. Han kom til Blaauw for å kjøpe korn. Blaauw var i godlag, og baud mannen kornsekken gratis i fall han kunne greide å bere sekken på ryggen heim å-leine. Mannen stussa ikkje lenge på det, han tok sekken på ryggen, men så kom han på at han skulle hatt med seg ei skjeppe salt og eit langebrød. Dette fekk han lagt oppå kornsekken, og så rusla han i veg. Han hadde 15 km. veg heim. Det er ikkje fortalt kor lang tid han brukte, eller kor mange gonger han kvilte på vegen. Han kom i alle høve heim med byrda. Dette er eit døme på kor folk før i tida var vande med å slite, og ikkje kvidde seg for tunge tak. Ikkje for å slå rekordar, men for å berge seg og sine. Eg undrast om dette ikkje kunne vore noko å prøvt seg på for ein idrettsmann i dag. Kanskje ein av dei beste ikkje hadde greidd ein slik kraftprøve. *Blaauw ville gjerne drive ap.*

I syttiåra vart stoppestaden for Fylkesbåtane flytt til Lavik der den no er. Den gongen var det ikkje kai der heller. Nokre år seinare vart det bygd ein steinkai, der Fylkesbåtane kunne leggje til. For 4 år sidan då M/S Sunnfjord vart sett inn i snøgg-rutene på Sogn, gjorde det seg krav gjeldande om ein større kai i Lavik. Ekspeditøren bygde då ny betongkai, som er mellom dei gildaste i Sogn. Lavik sentrum er rekna for å vere ein fin liten stad. Det er ei lita vik med fritt utsyn over Sognefjorden. I gamle dagar vart det skrive Ladvig. Namnet kom truleg av at her var ein gamall lasteplass.

På den eine ~~sida~~ sida av vika står kyrkja, som var bygd i 1865 og er åttekanta. Like ved ligg skulehuset, dette er det einaste skikkålege i heradet. I Ikjefjord har ein no skulehus under byggjing. Det vil verte ferdig til bruk frå hausten. Dette vert og eit gildt skulehus.

Den fyrste vegstubben som var bygd i Lavik herad gjekk frå

Alvøra til Lavik prestegard, ein veg på 4 km. Det var kaptein Hartvik som kosta vegen. Han var eigar av den gamle herregarden Alvørn, der husmorskulen no er. Hartvik var ordførar i Lavik og Brekke frå 1873 til 1877. Under reisa til amtstinget 1876 vart han innkalla til bataljonsamling, og heradet vart utan representant på amtstinget, som sende klage over dette til dei militære myndigheiter.

Hartvik var gift med dotter til eidsvollsmannen generaladjutant Ole Elias Holck som og hadde garden Alvørn og budde der. Han døydde 1842, og er gravlagd på Lavik kyrkjegard. I kyrkja heng ei minnetavle om han, og sabelen hans. General Holck var med i krigen mot Sverige i 1814. Han mislika svært ordren frå Kristian Fredrik om å trekkje troppene attende over Glomma.

Hartvik åtte den gamle kyrkja i Lavik, som stod om lag på same staden der kyrkja no står. Han var ein interessert kyrkjemann, og vegen vart nærmast bygd fordi at det skulle gå an å køyre til kyrkje. Vegen vart soleis heitande "Kyrkjevegen". Vegen var bygd omkring 1860 og framver, og vegarbeidarane fekk som dagløn ei ei ort eller 80 øre ^{dagen} på eigen kost. *Det var ikkje ingeniør i den tid.*

Sidan kom veg til Lavikdal fyrst på tale. Det var ikkje store løyvingar til vegar i den tida. Interessenttilskotet vart likna etter skylda, og kvar fekk sitt pliktstykkje å arbeide opp. Stortinget sløyfa regementsamling eit år for å nytte pengane til vegar, og av desse midlane vart det løyvt kr. 5.000.- til Dalevegen. Det budde ein dokter i Lavik på den tida som heitte Thorsen. Han var det som tok seg av søknaden om tilskot, og det var såleis ved hans hjelp det lukkast å få dette tilskotet. Vegen frå Prestegarden til Ytre Hjelmeland, ei veglengd på 9 km, var bygd ferdig i 1894, og hadde då vore under arbeid i 15 år.

Det vert ikkje tid til å nemne om andre vegar som er bygde ferdige i heradet. Det har gått slag i slag, slik at Lavik i dag *(Holkens)* ligg langt framme når det gjeld vegar. Dette vil ikkje seie det same som at ein framleis ikkje har vegkrav. Me har veglause strender og

og fjellgardar som manglar veg til gards. Folka på slike gardar ser med lengsel fram til den dagen det kan verte røyndom med veg.

Det har vorte moderne med nedlegging av fjellgardane. Ein skal ikkje undre seg over at dei unge som har vokse opp på ein fjellgard ser seg om etter eit lettare levebrød enn på ein fjellgard. Men det som er ille er at dei styrande og landbruksautoritetar hjelper til med å legge ned avsidesliggande gardar. Jordbruket skal rasjonaliserast med sikte på å skaffe byane og industriden mest mogeleg billige matvarer.

Mange gardar har gått frå far til son i lenger tid. Det må vere den sterke ettekjensla som bind dei so fast til staden der dei har vokse opp. Dei klarar ikkje å slite ettebandet og legge garden øye.

Kan hende dei har same kjensla som Gunnar på Lidarende, då han var lyst fredlaus og skulle reise frå heimlandet, men greidde det ikkje. Då han var på veg heimanfrå, og kom til å sjå seg attene sa han: "Fager er lia, så at aldri har ho ~~synst meg så fager~~ synst meg så fager som no, - gule åkrar og slegne vollar, eg vil rida heim att og ingen stad fara."

Skattane.

Det største framstig bygda har hatt var sjølv sagt då det kom elektrisk kraft i 1942. Desverre var det berre ein del av folket som fekk nyte godt av det den gongen. Det var fyrst hausten 1952 at alle på nordsida i kommunen fekk straum. Sørsida vil no kome etter om ikkje så lenge. Andre framstig som kan nemnast er Firda sine bussruter.

Sjølv om det har vore store framstig, skortar det ikkje på arbeidsoppgåver i dag forå det og det er bra. Ein vert fatig i fall det ikkje er noko å arbeida for. Og det er å ynske at det vert høve å arbeide fram mot nye mål i fredelege kappstig.

Ser ein på kommunikasjonane i dag, og tenkjer attende til den tida eg fyrst nemnde om, so er det ein stor skilnad. Det er mest som ein ikkje kan skjønna kor folk før kunne greide seg. Men det gjekk utruleg godt, og ungdomen roar seg gjerne meir heime på gardane då enn no likevel, og gardane brødfødde fleire då enn no.

Det var ikke store skatte huller i gamle
tid. Og han kika i ein likningsprotokoll frå
1884 altso 73 år sidan. Største skattbæren
det året var kaptein Hartwick ^{nr} 134. 73. Han
hadde ein formue på kr. 41.800.-. Han, det
var mange yngre på den tid, og han var
sälis ein rik mann.

Si kjeme prestene med 81.15^o og dukkaren
med kr. 75.71.

Den største skattbæren av hustru
hadde kr. 46.48, og han levde i Kven-
tles ~~lag~~ hadde dei fleste hustruene
cirka 10.- kr. i skatt.

Største skattbæren hadde 8 öre.

Ulike skattbærene var på ~~409~~ 4109.- kroner
til en samantidning skat nemmer at
utvikna skatt for sterke året i Lånke
var kr. 322.639.- Folk tykte kanskje
at beraskhet var brinn i land skattlegging
men ikkje, ikke høvde, men dei fleste
merad i fylket. Det er mange årsaker
i sa. o. s. v.

Dei største arbeidsoppgaver i dag er
i de store kommunikasjoner og det kan
de nemmer utlevere av gamle regjer.
So som for nye regjer som ma sakene
off er my fra Tidal som kana nome i samvirket
med Turbifjor. Vidan ferjesamband Turbifj
Lånke med utlegging av ferjekar i
Lånke

Tomas Kvammen

Ass. Handelsforretning

LAVIK I SOGN

Gaulikarane nær Maydame og dette
ikkje store kron til samfundet.
I Maden sette dei store kron til
seg sjelve. Dei var profaske i
sitt arbeid og var ikkje redd for
ismaken i og var rita på arbeidsglede.
Det er grunn til å minne dei med
nydmas. Og eg vil nemne eit vers
om Læs Baren i denne samfundet.

„Lat oss ikkje forfedrone gloyme
under alt som me seier og skriv.
for dei gane oss ein arv til å
gajma hoi er stære som mange
vil fri.